

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Elverum.

Emne Høgtidsmat ved familiefester. Bygdelag Hagen krets.

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard: Skjerbekk.

(adresse): Jømna st.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Olea Skirbekk, 87 år, Bronka, Jømna st.

SVAR

1. Det var skikk at grannekoner, slektninger og venninner gjekk med mat til barselskonene.
2. Dei kom helst enkeltvis eller eit par i fylgje.
3. Det er ikkje å skjone som ~~sam~~ dei avtala kva dei skulle ta med seg.
4. Den 6. eller 7. dagen tok dei til å koma med sendingene
5. Dei kom berre ein gong.
6. Helst skulle det vera rømmegraut, men noen brukte risengrynsgraut og. Søtsuppe med mye rosiner og svisker var mye nytta til dette.
7. For riktig lenge attende var amber det vanlege. På Glamdalsmuseet har ein ståande ein riktig vakker amber frå Lundeby i Våler. I Bronka i Elverum har det slått seg til gudbrandsdøler på to av gardane. Dei held ennå på skikken med å gå med grautsending til barselskoner, og da bruker dei amberar som er vakkert utkrota. Det blir fortald om ein av desse konene at ho for noen år attende gjekk med graut til ei barselskone på Vålersida. Sjølv om skikken ukjent og bortgløymd der, tok dei vel mot henne. Da amberen skulle sendes tilbake til gudbrandsdalskona pakka dei han vel inn slik at han ikkje skulle bli øydelagt på noe vis. Men dette hadde kona vorte fælende fornærma for. Ein så vakker ting som amberen hennes måtte ikkje gjøymes i papir.
Det vanlege var å koma med grauten eller kva det ellers kunne vera, i porselensskål eller steintøyterrin som stod i sendingskorga.
8. Dei sa dei gjekk med grøt kva det var for slags mat dei gjekk med.
9. For det meste gjekk kona sjølv. Berte Hagen sendte husjomfrua si når ho sjølv ikkje kom i veg.
10. Mannen kunne vera med. Han måtte ofte skysse kona si og da fall det av seg sjølv. Det gjorde støtt ein dei kalte Per Kroken i Våler. Men folk tykte mannen i Haga-

-grenda som sette at kona heime og reiste aleine med barselsgrauten, var ~~gjerdlaus~~ gjerdlaus.

- 12. Sendingsfolket skulle ha traktering. Helst skulle dei ha middagsmat, men hadde dei ikkje tid til anna fekk dei kaffe og kaker. Noen skilnad var det ikkje om den nyfødde var gutt eller jente.
- 13. I den siste tid skikken var i bruk kalte dei han for barselsbesøk.
- 14. Det er ikkje kjendt.
- 15. Dei kunne gå til ugifte mødre med barselsgraut og. Som oftast gjorde dei ikkje ~~mak~~ noen skilnad.
- 16. Dei veit berre at skikken med å gå med graut gjekk av bruk i 1890 åra her. Sjølv sagt har det vel etter den tida vore brukt at nærmeste slekta kunne koma på vitjing til ei barselskone og ha med eit eller anna, men vanlege grautsendinger ~~xx~~ frå granner og andre vart slutt ved denne tid. Olea Skirbekk meinte at det kom seg mye frå at doktoren nekta dei å drive med det. Dei merka at barselskonene kunne bli kleine dagen etter eit slik besøk.
- 17. Det var mye brukt å ha med ein 2-3 m. tøy som gave til den nyfødde. Da Olea S. hadde barselsbesøk i 1901 hadde ei av konene med ei brøstnål av sølv til den nyfødde.
- 18. Det brukes lite eller ikkje i det heile nå.
- 19. Velstandsfolk heldt dåpskalaser. Ellers var det gjerne slik at dei berre bad fadderene heim på middag.
- 20. Dåpselskapet vart kalt barsel.
- 21. Gjestane kom med sendinger, men noen fastsett spiseseddel var det ikkje i slike høgtider.
- 22. Det ser ikkje ut til at det var noen regel for korleis sendinga skulle vera eller om kven som skulle sende mest.
- 23. Det blir ikkje brukt sending i barsel .

B. Fødselsdag.

- 24. Det ser ikkje ut til at dei feira fødselsdag korkje for vaksne eller barn når ein kjem 50 -60 år attende. Eit atterhald må ein kanskje gjera for dei "kondisjonerte " i bygda.
- 25. Fødselsdag for vaksne holdes bare på ved runde tal. Eit unnatak kan det vera for mor i huset, men det er berre barna som høgtider han kvart år.
- 26. Dei skulle ikkje be folk til fødselsdager. Dei fekk kome dei som ville. Slik er det enna. Men når eit barn feirer fødselsdag er det skikk å be opp andre barn.

27. Det er skikk å gje gaver til fødselsdagen, og det er ikkje berre dei som møter fram som gjer det, men også dei som ellers vil syne jubilanten ære. Det har vorte svært vanleg med blomster etter siste krigen.
28. Ukjendt.
29. Heller ikkje i våre dagar bruker dei noen serskildt rett til fødselsdagar. Sjokolade, kringle og bløtkake er svært mye brukt i fødselsdager. Til barn bruker dei så mange lys på kaka som det er gamalt av år. Til fødselsdagsselskaper kan ein enna tala om at dei bruker sending. Det er da kringle, bløtkake eller sukkerbrød som blir tinga hos ein baker og sendt rett der i frå til ~~dei~~ som har fødselsdagsbarnet. Det er helst rutebilen som kjem med sendinga i våre dagar. Også denne skikken har teke seg mye opp etter siste krigen, ser det ut for. Sjølv sagt er det ikkje så få som baker kringle sjølve og tek med seg i fødselsdagsgjestebodet.

C. Konfirmasjon.

30. Da Olea Skirbekk vart konfirmert (omlag 1872) var det ikkje skikk å høgtide konfirmasjonen med å be til seg gjester. Det var berre på grannegarden Lundeby (Våler i Solør) dei gjorde det der ho var kjendt. Heller ikkje iekk dei andre gaver enn nye klær. Olea S. hadde fått salmebok, men det var noe reint storveies den tida.
31. Det ser ut som konfirmasjonsselskaper vart vanlege frå århundreskiftet. Nå ser det ut som konfirmasjonsselskaper er like vanlege i alle samfunnslag. Mange seier at konfirmasjonsfeiringa held på å ta reine overhand. Den eine vil overgå den andre i å halde fine selskaper, blir det sagt, og ein vanleg arbeider slår ofte like stort på som den velstående bonden.
32. Dei ber først og framst fadderane, og sia læraren skyldfolk og granner.
33. Det har visst ~~ikkje vore~~ ikkje vore brukeleg med sending til konfirmasjonslag.
34. Det er skikk å sende gaver til konfirmasjonen også av dei som ikkje er bedne til laget eller til konfirmanter som ikkje har selskap. Skikken med å sende konfirmasjonstelegram har vorte svært utbreidt frå første halvdel av 1930 åra. Nestan kvar heim i Bjørsetgrenda brukte ei tid å sende lykkeønskingstelegram eller vakkert utstyrte kort til konfirmantane i grenda.
35. Det er ikkje noen bestemte retter eller kaker som skal brukes i slike lag.

D. Bryllup.

36. Eg har ikkje truffe noen som kan hugse at det vart halde forlovelsesgjestebud på desse kanter. Det einaste må vera det Olea S. fortalde om at Bernhard Lundeby i Våler heldt forlovelses høgtid da dotter hans forlova seg i 1875. (Det var mor til hagebrukskulestyrar Oddvar Lund som da forlova seg). Det hadde vore eit svært gilde, og det vart heist flagg der på garden.

- 5
- 4
37. Forlovelsesselskaper er ikkje vanleg i våre dagar heller.
 38. I manns minne har det vore steik, karbonader eller fisk som har vore nytta ved bryllupsmidager. Det er ellers ikkje noe særleg å finna om mattradisjonar ved bryllupsfestar.
 39. Eg har ikkje kunne få vite noe om korleis det var med sendingene før eit bryllup. Det var brukt, men det er for lenge sia gått av bruk.
 40. Smøret vart forma til i smørformer her som til alle andre høgtider.
 41. Ukjent. (Faste bemenn i Nordhagan og Tøråsen i Våler i 1850 til 1870 åra var Knausmoen og Oluf Kåterud. Når ein av dei kom inn i huset med bø til lag, helsa dei, støtte stokken i golvet og så ramsa dei fram ei lang lekse etter ein fastsett formular. Tilslutt kom det så kor dei var bedt og kven som bad. Bemannen skulle ha traktering, gjerne skjenk). I Hagagrenda i Elverum held ennå mange på dei gamle grensene for belaget. Der er Skjerbekken dele mellom dei to belaga i grenda.
 42. Det vart kalt sending.
 43. Var det frå ein gard sendinga kom, var det ei av tenestgjentene som kom med ho.
 44. Dei som kom med sendinga skulle ha traktering (Beverting), men ellers var det ingen fest.
 45. Ukjent.
 46. Ukjent.
 47. Fleire dagars bryllup slutta dei med omkr. 190 åra her.
 48. Bryllup blir nå nesten alltid halde på eit lokale i bygda eller på eit hotell i næraste by.
 49. Det har vort meir vanleg i dei siste 10 år, men ennå held dei fleste på bryllup etter gamal skikk.
 50. Held dei ~~bryllup~~ ikkje bryllup på gamaldags vis, men reiser bort for å la seg vie, er det heller ikkje vanleg at andre enn næraste slekta gir gaver. Men alle som har høve til det, sender lykkeønskingstelegram.
 51. Det blir berre halde fest for bryllupsdagen ved runde tal.

E. Gravøl.

52. Til gravøl bad dei slekta og belaget. Så seint som i mars 1954 bad dei til gravøl etter belagsgrensene på ein gard i Bjørsetgrenda. Det vanlege tek nå til å bli at dei ber til gravøl gjennom avisen. Det er da sett tilslutt i onnonsa for dødsfallet og gravlegginga at "alle som ønsker å følle avdøde til graven er hjertelig velkommen til middag i hjemmet". (Helst blir gravølsmiddagen halde på ein kaffe eller eit hotell nå).

6. 5
På Hagen gard i Elverum varte gravølet 2 dagar (omkr. 1900.). Den 3. dagen samla nærmaste slekta seg for å sjå på det som skulle deles når den døde ikkje hadde kone eller barn etter seg. Slik ga gjorde dei i Hagen da den siste av nuslyden døde.

Andre gravølsdagen var utanom slekta dei som hadde hjelpt til under gravølet bedne.

54.

Det var 3 måltider gravølsdagen. Dei møtte iram ved 9-10 tida om morgonen. Da iekk dei smørbrød og kaffe. Når dei kom heim frå kyrkja var det middag. Maten vart servert ved langbord. I Hagagrenda har det vore vanleg med desertbord istaden for kveldsmat i slike lag dei siste 50-60 år. Her var det puddinger, sjeleer, krem og kaker av ymse slag.

Hos iatigiolk var det gjerne brukt lutefisk eller gryngraut til middagen. Randine Sjøberg (f. 1867) fortalde at det no kunne minnes var ølost iast suppe- mat i gravølsmiddager i Hagen og Bjørsetgrenda.

55.

Ukjendt.

56. Ukjendt.

57. Var det reint for umulig å halde gravølet heime for plassen si skuld, kunne det vel hende at dei lånte rom på ein grannegard, men det var svært sjeldan at noen heldt det utanom heimen.

58. Sendinga vart sendt kvelden før. Det kalte dei "sendingskvelden".

59. Ukjendt.

60. Det var tenestegjentene som gjekk med sendinga, og dei vart traktert med mat og drykk i gravøls garden når dei kom.

61. Ukjendt.

63. Etter at dei hadde slutta med maltøl brygginga var det brukt sirupsøl. Dei tykte ikkje det hadde seg å bruke alkohol i eit gravøl.

64. Ein kan seie at gamaldags sending har halde seg lenger ved gravøl enn andre gjestebud. Ennå kan ein høyre at det blir brukt sending i form av kaker til gravøl.

65. Den dagen den avlidne blir frakta til kyrkja blir dei frammøtte traktert med smørbrød, kaker av ymse slag og kaffe. Sjølv gravølsdagen blir det halde middag for dei frammøtte på ein kaffe eller eit hotell nær kyrkja. Det er sjeldan dei held gravølsmiddagen heime nå. Denne skikken tok til å vinna plass sist på 1930 åra.

66. Det ser ikkje ut til at alkohol blir nytta i gravølsmiddager nå heller. Eg har ikkje vore tilstades i noen gravølsmiddag der det har vorte gjort.

67. Gravølsmiddagen blir halde på kafe eller hotell.

68. Det er ikkje så heilt lett å svara på når ein tok til å be be gjestene gjennom skriftelig innbydelse, men Olea S. meinte på at det kom småningom i bruk da dei gamle bemennene slutta verksemda si. Det var som alt nemd Knausmoen og Oluf Kåterud i Nordhagan i Våler. I Bjørsetgrenda og andre deler av Heradsbygda var Gunner Barmo den siste bemannen.

69. Skikken med å avertere dødsfall i avisa vart vanleg stutt tid etter at lokalavisa tok til å koma ut. Her i Elverum tok Østlandske Tidende til å koma ut i 1892

F+ Nye fester.

70. Det er skikk og bruk at ein skal ha eggedosis den dagen. Ellers skal matstellet vera så lettvtint som råd den dagen, seier mange.

71. Feiringa av morsdagen tok til mellom 1925 og 1930 i Heradsbygda. I Hagagrenda var det barna på Rogstad og Lillehagen som først gjorde det. Dei var i Oslo, og på morsdagen tok dei til med å sende gaver heim. Småningom tok dei andre etter. I våre dager er det vanleg å feire morsdagen.

72. I Bjørsetgrenda er det, så vidt eg veit om, berre på ein stad der dei har feira farsdagen. Det tok dei til med i 1952.

73. Det ser ut som kringle er faste til alle morsdagar.

74. Det er tydeleg at bakarane har ~~mk~~ auka omsetnaden sin moneleg før ~~ø~~ morsdagen. Bussane utover bygda er fylte med kakeesker før den dagen.

75. Morsdagen vart kjendt ved at barn som hadde reist til Oslo tok til å feira dagen. Farsdagen har sikkert vorte bestø kjent gjennom avisane.